

Det var kjempegod stemning då Andrea Rice og musikarane hennar spela opp til låvedans på Dønhaug laurdag kveld. Magne Huglen kan fortelja om om lag 300 storfornøgde gjester i aldersgruppa frå 20 til 70 år.



Frå eit tidlegare arrangement

- Det er verkeleg kjekt når publikum i så vidt aldersspekter kan gå ut i lag; - kosa seg og ha trivelege opplevingar saman, seier den fornøgde låvedansarrangøren. Han fortel vidare at både han og publikum var kjempegodt fornøgde med musikarane.

- Dei gav mykje dansemusikk av høg kvalitet. Dei talde ikkje minutt og spelte langt meir enn det som var kontraktfesta. Det var full guffe i 3-31/2 time. Og dei avslutta ikkje før klokka hadde passert halv to. Eg fekk svært mange positive tilbakemeldingar denne kvelden. Det var verkeleg kjekt på alle måtar.

Frå gjestehald har vi og fått gode meldingar. – Det var ein kveld med verkeleg trøkk. Mykje flott country-inspirert dansemusikk. Vi får oppleve dei dugande og allsidige musikarane på ein annan måte enn i kjedlaren. Då spelar dei meir irsk musikk.

Skjenkekontrollen var også denne gangen på plass. Dei hadde og ein fin kveld, og hadde ingen merknader. Vakhaldet var som alltid svært godt. Utanlandske gjester som var der let seg forundra over alle som gjekk i gule vestar!

Dette er siste arrangementet som er ferdigbooka på Dønhauglåven denne sesongen. Det er framleis ein liten mulighet for arrangementet med Stavangerensemblen som vart avlyst på grunn av sjukdom, vert arrangert. I tilfelle vert det i midten av september. Endeleg avgjerd vert teken ein av dei første dagane.